



Notat

Dato: 28.02.2018
Arkivsak: 2018/7986-6
Saksbehandlar: ingedva

Til:	Utval for miljø og samferdsle Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål frå Benthe Bondhus om tilrettelegging for kollektivreisande

I fylkesutvalet 22. februar 2018 stilte Benthe Bondhus (Sp) følgjande spørsmål:

*«Korleis skapa, leggja til rette for gode kollektivreisande?
Kva rutinar har fylkeskommunen i sams vegadministrasjon med Statens vegvesen
når ventefasilitetar (buss-skur) vert skada og rive ned?
når eit bygdelag eller andre søker om ventefasilitetar langs vegen for dei
kollektivreisande?»*

Infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken i Hordaland er delt opp i tiltak innanfor Bergen kommune og tiltak i Hordaland utanom Bergen. Desse er igjen delt inn i tiltak innan drift og vedlikehald, til dømes ved skade på lehus – og investering, til dømes utplassering av nye lehus på stader som ikkje har lehus frå før eller oppgradering av eksisterande.

Skadar på eksisterande lehus vert meldt både via Skyss/ operatør, samferdselavdelinga, kommunane, kollektivreisande og Statens vegvesen. Desse vert utbetra gjennom driftskontraktane for fylkesvegnettet i heile Hordaland. Tidsbruken i samband med dette varierer ut frå behov, tilgang på reservedelar og eventuelt nye lehus.

Når det gjeld utplassering av nye lehus så vert dette i hovudsak handtert gjennom investeringsprogrammet for fylkesvegnettet for Hordaland utanom Bergen, mens det for Bergen vert handtert gjennom Miljøløftet (tidlegare Bergensprogrammet).

Innanfor Bergen kommune

Prioriteringane vert basert på innspel frå offentlege og private aktørar, og vert vurdert gjennom ei faggruppe for kollektivtrafikk under Miljøløftet. Gruppa har deltaking frå Statens vegvesen, Bergen kommune, samferdselsavdelinga og Skyss. Midlar til utplassering av nye lehus vert normalt finansiert gjennom programområde kollektiv i handlingsprogrammet for Miljøløftet, som vert handsama årleg av fylkestinget.

Hordaland utanom Bergen kommune

Det er oppretta ei faggruppe som arbeider med kollektivinfrastruktur etter tilsvarande prinsipp som for Bergen, med deltaking frå Statens vegvesen, samferdselsavdelinga og Skyss. Gruppa arbeider fram forslag

til det årlege investeringsprogrammet for fylkesvegane innafor programområdet kollektivtiltak utanfor Bergen.

Dei fleste innspel frå publikum er ønske om busskur og endringar i haldeplassar. I investeringsprogrammet for 2018 er kr. 20 mill. sett av til heile programområdet. Av totalt 25 tiltak går 19 tiltak på oppgradering og etablering av haldeplassar, inkludert i desse er 5 tiltak direkte knytt til busskur.

Det er fem hovudgrupper av tiltak:

- Framkomst
- Trafikktryggleik i samband med bussdrifta
- Kollektivknutepunkt, haldeplassar, buss-snuplassar og liknande
- Informasjonstiltak
- Innfartsparkering for bil og sykkel

Framgangsmåte (gjeld både gruppa for Bergen og for Hordaland)

Alle søknader og innspel som fell innanfor gruppa sitt ansvarsområde, uansett kva etat som mottar dei, vert samla i ei felles innspelsliste. I arbeidsmøta vert alle innspela sett under eitt og det vert prioritert mellom dei, der trafikktryggleik får førsteprioritet og reine komfortomsyn får andreprioritet. I tillegg vil talet på reisande vere eit prioriteringskriterium. Det vert òg lagt til grunn porteføljestyingsprinsippet for prioritering av prosjekta, der m.a. gjennomføringsmoglegheit og kost-nytte er med i vurderingane.

Utplassering av lehus vil konkurrere om midlar på linje med andre kollektivtiltak, og det er ikkje mogleg å etterkomme alle ønsker. Det bør og nemnast at i dei seinare åra har endringar i skulestrukturen gitt eit auka behov for utplassering av lehus i tråd med endringar i reisemønster.